

På pressekonferansen til regjeringa kl. 14.00, torsdag 12. mars kom det fram at «Alle som kjem frå reiser utanom Norden, skal i karantene, uavhengig om dei har symptom eller ikkje. Tilbakeverkande kraft rekna frå 27. februar.»

Kommunedirektør Astrid Eidsvik har vore på reise og kom heim frå Gdansk 2. mars. Assisterande kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen har vore i Spania og kom heim 1. mars.

Med bakgrunn i dei nye reglane går dei begge i heimekarantene. Deltaking i kriseleiinga i kommunen vil vere via Skype frå no av. Stabsleiar Anne Mette Liavaag vil vere fungerande kommunedirektør.

Eidsvik er tilbake på jobb tysdag 17. mars og Glomset Vikhagen kjem måndag 16. mars.